

Stryn kommune  
Tonningsgata 4

6783 STRYN  
Norge

Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 10/01938-51

17.10.2018

Ark.: 326.12

## Vedtak i namnesak 2015/7 - Haugen og Haugasætra/Tyvasætra - Stryn kommune

Bjørn Atle Gildestad fekk i 2015 Kartverket til å reisa namnesak for gardsnamnet *Gildesdal* i Stryn kommune, for han opplyste at rett skrivemåte ut frå tradisjonell uttale er Gildestad. Karin og Oddvin A. Tjugen kontakta òg Kartverket og bad om namnesak grunna usemje om kva som er rett namn på ein støl i Stryn som i nyare tid ikkje har vore namnsett på Kartverket sine kart. Saka har vore på lokal høyring, der kommunen har kunngjort saka, og ho har deretter vore til tilråding hjå stadnamntenesta. Kartverket gjer med dette vedtak i saka. Me seier oss leie for at saka har teke lang tid.

### Vedtak

Med heimel i § 5 tredje ledd i lov om stadnamn vedtek Kartverket Bergen at namna skal skrivast slik:

- *Gildestad* (gard 116)
- *Gildestad* (bruk 116/1)
- *Gildestadelta* (bekk)
- *Haugen* (gard 72)
- *Haugen* (bruk 72/1)
- *Haugtun* (bruk 72/2)
- *Haugafossen* (foss)
- *Haugasætra* (sidenamn) / *Tyvasætra* (sidenamn) (seter/støl)

### Juridisk grunnlag

Ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn er hovudregelen at det skal takast utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, og at namnet skal normerast etter gjeldande rettskrivingsprinsipp, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd. I rettleinga til forskrift om skrivemåten av stadnamn er det gjeve utfyllande reglar om normering av stadnamn. Det må takast omsyn til det som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før, normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal spela inn, og serskilt ynsket til eigaren skal vektleggjast når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer ligg innanfor regelverket.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar. Vedtak som gjeld stadnamn får ikkje fylgjer for skrivemåten av slektsnamn, og slektsnamn skal heller ikkje påverka skrivemåten av stadnamn.

### Høyringssvar og vurdering

I samband med den lokale høyringa kom det høyringssvar frå Loen Reiselivslag, Kjell Haugen, Karin og Oddvin A. Tjugen og frå Lill Berit og Knut Johan Tjugen. I tillegg har Arnold Sunde skrive eit lesarinnlegg om saka.

### Gildestad/Gildesdal

Namnet på gardsnr. 116 har uttalen /ji'ldesta/ jf. bokverket Norske Gaardnavne av Oluf Rygh, og denne uttalen stadfeste òg Bjørn Atle Gildestad då han kontakt Kartverket om namnet. Namnet er skrive *Gielestadflott* i 1603, *Giellestad* i 1608, *Gillisdal* i 1667, *Gillesdahl* i 1723 og *Gillesdal* i 1838. I 1886- og 1907-matrikkelen er namnet skrive *Gildesdal*, medan

*Gillesdal* er nytta i 1950-matrikkelen. I dagens matrikkel står det *Gillesdal*. *Gillesdal* er nytta på amtskart frå 1880 og fram til 1954. Namnet førekjem ikkje i Norge 1:50 000, men i økonomisk kartverk er namnet skriva *Gildestad*, og *Gildestadelva* står òg oppført der.

Albert Kjær skriv m.a. fylgjande om namnet i Norske Gaardnavne: *Om nogen Dal synes der dog ikke her at kunne være Tale, hvorfor det synes [...] som om den omvendte Feiltagelse her har fundet Sted, at et Navn paa -stad er misforstaaet, som om det var sms. med -dal, og det er vist nok at lægge Mærke til, at det er de ældste Former, som have -stad. Er dette rigtigt, kan Navnet være et opr. \*Gildisstaðr.* Stadnamntenesta seier seg samde i at topografien på staden ikkje gjer det sannsynleg at gardsnamnet har etterleken *-dal*, for garden ligg i eit relativt jamt liområde attmed ein fjord. På grunnlag av dette og at hovudregelen for normering er å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, konkluderer dei med å tilrå skrivemåten *Gildestad* som offisiell gardsnamnform.

Kartverket deler Stadnamntenesta og Albert Kjær si vurdering av namnet, nemleg at namnet er ei samansetning av orda *gilde* n. og *stad* m., og ikkje av *dal* m. I § 1 i lov om stadnamn står det presisert at skrivemåten ikkje skal skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. Kartverket fastset skrivemåten *Gildestad* i samsvar med Stadnamntenesta si tilråding, jf. § 1 og 4 i lov om stadnamn.

### Haugen

Gardsnamnet på gardsnr. 72 har /hå:'jinn/ som nedervd, lokal uttale, jf. Norske Gaardnavne. Kjell Haugen oppgjev uttalen /hå'jen/, og i dativ /hå'ja/ hjå eldre lokalt, men legg til at namnet i dag vert uttalt rett fram av folk flest. Namnet kjem av ordet *haug* m., som vert uttalt /hò:g/ i Stryn. Skrivemåten *Haugen* er uomstridd, og har vore nytta i dei fleste kart sidan 1880-utgåva av amtskartet og i alle matriklar sidan 1838-utgåva av matrikkelen. Kjell Haugen, grunneigar på bruk 72/1, uttalar seg ikkje serskilt om gardsnamnet, men han vil ha *Haugen sæter* eller *Haugensætra* som skrivemåte av det avleidde stølsnamnet. Stadnamntenesta tilrår *Haugen* som skrivemåte, men utan grunngeving.

Skrivemåten *Haugen* er i samsvar med gjeldande rettskriving i norsk, og *haug* er eit ålment kjent ord i norsk, jf. § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn. Det kom ikkje fram ynske om nokon annan skrivemåte i den lokale høyringa. I punkt 3.1.b.iii i rettleiinga til forskrifta er det presisert at «[n]år monoftongen ikkje er representert i rettskrivinga, skal ein som hovudregel bruke diftong.» *Haugen* vert fastsett som skrivemåte i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk.

### Haugasætra/Tyvasætra

Loen Reiselivslag presiserer i sitt høyringssvar at dei uttalar seg som nøytral part i saka. Dei skriv at det gjennom to år har vore usemje om namnet på denne setra, som er ein viktig del av turnettet i Loen. Loen Reiselivslag har ansvaret for skilt og vedlikehald. Laget føreslo i samband med skiltinga at setra vart nemnd som *Haugen/Tjugensæter*, og turen er no skilta med dette namnet. Dei føreslår av omsyn til både partar i saka at namnet vert *Haugen/Tjugensæter*, slik at både partane får sitt gardsnamn med i namnet.

Karin og Oddvin Tjugen, grunneigarar på bruk 71/1 Tyva, meiner at *Tjugen seter* er det som er i skriftleg bruk i dag, og at munnleg, lokal uttale blant folk i Stryn kommune er *Tyvasætra*. Dei ser på *Haugen/Tjugen seter* som feil namnebruk, for *Tjugen seter* er ei seter med tri grunneigarar, der to av desse gardane heiter *Tjugen*, og den tredje heiter *Haugen*. Dei peikar på at *Tjugen seter* vert nytta i offentlege skriv frå Stryn kommune, og at turistkart og -brosjyrar har nytta *Tjugen seter* langt attende i tid. Dei har lagt ved kopiar av gamle reisehandbøker, av brev frå offentlege myndar og utdrag frå ulike nettsider der namnet *Tjugen seter*, *Tjugensætra* eller *Tjugedals-Sæter* er nytta. Dei har òg lagt ved kopi av Sæterlistene frå 1933–37, der *Tyvasætra* er ført opp som støl for både gnr. 71 Tjugen (Tyva) og gnr. 72 Haugen.

Lill Berit og Knut Johan Tjugen skriv at Tjugen er ein gamal gard som i fleire generasjonar har hatt ei seter som heiter *Tjugen seter*, eller *Tyvasætra*, som enkelte bygdefolk kallar henne. For dei er *Haugasætra* eit ukjent namn, men *Haugensæter* kjenner dei frå eit skilt som vart sett opp på Haugen sin seterveg for nokre år sidan. Dei meiner at folk i heile Stryn kallar setra for *Tjugen seter/Tyvasætra*, og nemner at dei og alle turistbedriftene har nytta *Tjugen seter* i alle brosjyrar og nettsider. Dei stiller seg bak Karin og Oddvin Tjugen sitt ynske om *Tjugen seter*.

Kjell Haugen på bruk 72/1 fortel at brukarane på Tyva opphavleg hadde seter på Tyva-sida av elva Fosdøla, medan Haugen og Sande hadde seter i lag på Haugen si side av elva. Pga. ormeplage flytte Tyva setra si over elva til Haugen og Sande si seter, og han har lagt ved vedlegg av lokallitteratur der dette står omtalt. Han skriv vidare at både *Haugen*, *Tyva* og *Tjugen* i dag vert nytta i namnet på setra, både munnleg og skriftleg, og han har lagt ved fleire ulike vedlegg med dokumentasjon av namnet. Han viser vidare til eit lesarinnlegg der Arnold Sunde skriv at *Høgasætra* er rett namn. Kjell Haugen meiner at oppføringa av *Tyvasætra* i Sæterlistene for Stryn ikkje bør tilleggjast serleg vekt fordi det ikkje finst spor etter kven som har vore informantane til Ingvar Mork, som skreiv namna ned. Han peikar elles på at *Haugen sæter* er nytta i offisielle kart frå Statens kartverk, noko han meiner *Tyvasætra* ikkje er, og viser til rektangelkart frå 1869 og

amtskart frå 1889 til 1954, som han har lagt ved kopi av. Han avsluttar med at han tykkjer Haugen er mest rett å nytta i namnet på setra, anten det vert *Haugen sæter* eller *Haugensætra*, men han meiner at *Haugensætra* er det som vert mest brukt i dag.

Stadnamntenesta peikar på at *Haugen Sr.* er nytta i eit rektangelkart frå 1869 og amtskartet frå 1889, jf. Kjell Haugen sin dokumentasjon, og dei meiner at Arnold Sunde sitt lesarinnlegg tyder på at *Haugen*-namnet har eldst stadnamntradisjon i bygda, jf. uttalen *Høgåsætra*, som Sunde oppgjev. På dette grunnlaget tilrår dei skrivemåten *Haugasætra*, der namnet får fuge-a i *Hauga-* i samsvar med dialekten, jf. § 3.1.b.v i rettleiinga til forskrifta: *I samansette namn bør ein bruke den samansetjingsmåten som samsvarer med dialektuttalen av namnet.*

Kartverket vurderer at namntradisjonen synest lang for både *Tyvasætra/Tjugen seter* og for *Haugen seter/Haugasætra*, og at det er vanskeleg å avgjera kva for eitt av desse namna som går lengst attende. Sjølv om segna om flytting av *Tyvasætra* over elva kan ha historisk grunnlag, må både namna i dag reknast som gamle nok til å kunna reknast som nedervde namn, som dermed bør koma inn under det vernet som stadnamnlova gjev slike namn. Når det i tillegg er sterk, lokal interesse for både namna, er det desto større grunn til å formalisera både namna for offentleg bruk.

Ut frå dei opplysningane som er komne fram i denne saka, må det leggjast til grunn at det er /ty:ˈvasæ:tra/ og /hø:ˈgasæ:tra/ som er tradisjonell, lokal uttale av dei to namna på setra. Ein skrivemåte *Haugensætra* ville bryta med vanlege namnelagingsprinsipp i norsk, for det er ikkje vanleg at eit ord eller eit namn beheld bunden form når det står som førelekk i eit samansett namn. Uttalen /hø:ˈgasæ:tra/ er derimot fullt i samsvar med den uttalen ein ville venta ut frå systemet elles i stryemålet.

Det var namnesak for gardsnamnet *Tyva/Tjugen* i 1999, og *Tyva* vart då vedteke som skrivemåte. Det fylgjer av § 4 andre ledd i lov om stadnamn at same skrivemåten må nyttast i avleidde namn. *Haugasætra* og *Tyvasætra* vert fastsette på grunnlag av nedervd, lokal uttale, og i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk. Dei to namna kan nyttast kvar for seg eller saman av offentlege organ som skal omtala staden i skrift, men både namna skal vera synlege i Kartverket sine kart, og dei vert difor lagde inn som sidenamn i Sentralt stadnamnregister (SSR).

### Vidare saksgang

Dei endelege konsekvensane kan ikkje trekkjast før vedtaket i dette brevet er endeleg, dvs. at klagefristen er ute utan at nokon klagar på vedtaket, ev. etter at eventuelle klagesaker er ferdig handsama.

Når same namnet er nytta om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der desse namna vert nytta.

Kommunen sender relaterte adressenamnvedtak til Kartverket på vanleg måte, slik at me kan leggja namna inn i Sentralt stadnamnregister (SSR).

### Kommunen er òg pliktig til å leggja vedtekne skrivemåtar av bruksnamn inn i matrikkelen.

Me vil minna om dei reglane stadnamnlova har om **plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar**, jf. § 9, spesielt fyrste setning, som har denne ordlyden: *Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd.* Det vil seia stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 10 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Kommunen skal senda melding om vedtak som gjeld skrivemåten av bruksnamn til eigarane av dei bruka det gjeld.

### Bruksnamn

Etter lov om stadnamn har grunneigaren rett til å fastsetja skrivemåten av namn på eige bruk dersom han kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.), jf. § 6 andre ledd i lov om stadnamn. Det er Kartverket som formelt vedtek skrivemåten, men dersom grunneigaren ynskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket vedtek, kan han senda krav om det til Kartverket og leggja ved gyldig dokumentasjon.

**Klage**

Etter § 10 i lov om stadnamn kan vedtak om skrivemåten påklagast av dei som etter § 5 fyrste ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren. Dersom denne meldinga skjer ved offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjerd.

Eventuell klage skal stilast til Klagenemnda for stadnamnsaker og sendast til Statens kartverk med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må ta for seg alle namn eller namneledd som klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som elles for namnesaker. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd.

Venleg helsing

Anne Lien  
fylkeskartsjef

Erlend Trones  
stadnamnansvarleg region vest

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi                      Stadnamntenesta på Vestlandet